

STYREMØTE

måndag 31 januar 2022 kl. 18.30 på biblioteket.

Desse møtte: Solveig, Bjøeg, Nelly, Mette Marie, Sunneva.

- Sak 11/- 22 Referat og meldingar
*Quiz nr. 2 hadde god oppslutning. Fleire enn sist som møtte.
Quiz-vert Eva Hilde hadde eit flott opplegg.
- Sak 12/ -22 Årsplan ferdig, ev. endringar
Styremøte siste tysdag i månaden, medlemsmøte 2. torsdagen i månaden.
- Sak 13/ -22 10.mars Jubileumsmiddag. Program og invitasjon.
*10.mars torsdag medlemstreff på biblioteket med stor marsipanbløtkake.
Bilde med dialektord skal vere ferdig.
* 12. mars laurdag stand 11-14 med frukt, brosjyrer og dialektordbilde.
* April, mai - Solveig undersøker passande dato for jubileumsmøte.
Middag på Fjordhotellet med eigenandel 300 kr. pr. medlem og 300 [kr.pr.](#) følgje.
Musikk og song v/Sten Even Holstad. Undersøker kva dato han er ledig.
Inviterer representantar frå NBK-administrasjon og fylkesstyre.
Inviterer gjerne ordførar og lokalavis.
- Sak 14/-22 Jubileumslotteri
Trekning 16.oktober då bør boka om VBK vere ferdig.
Medlemer gir ein gevinst til ca. 200 kr, gjerne lokale varer t.d. frukt, poteter, saft.
Orienterer om lotteriet på første medlemsmøte.
- Sak 15/-22 Medlemstreff tysdag 8. februar kl.18. Mette Marie kontakt for vertinnegruppene.
Historia mi - Inger Sandnes fortel ftå tid i Afrika. Solveig er kontakt.
Mette Marie kontaktar medl. med vertinneansvar i februar: Vigdis, Elin og Liv Eldrid.
Vertinner har ansvar for lykjel, i stand setting av lokale, mat og drikke, åresal og opprydding.
Oppmøtetid for vertinnene: kl.17.50.
Mette Marie leiger biblioteket og skaffar gevinstar, eingongsasjettar, bestikk, serviettar, kaffi.
- Sak 16/-22 Frivillighetens år. Innspel?
Bjørg: Månadens frivillig.
Månadens blomst - blomst til ein som fortener det.
Nelly etterlyser samarbeidsmøte for friviljuge lag.
- Sak 17/-22 Styremøte. Framlegg på siste tysdagen i månaden.
Sjå sak 12/-22.

Sak 18/-22 Eventuelt
* Dikt til Storfjordnytt siste torsdag i månaden.
Sunneva får ansvar for innsending.
Styremedlemer finn 2 dikt kvar, vi spør Kristi om ho har bilde som kan
passe.
* Kristin frå Bondelaget har tankar om eit skuleprosjekt og spør om
VBK er positive til det.
Dette må undersøkjast nærare.
* Historia mi - Sunneva får ansvar for å spørje medlemer om nokon
vil fortelje frå livet sitt.

Sunneva Linge skrivar